

Austevoll kommune

Finansreglement

Vedteke av Austevoll kommunestyre

22.10.2020

Sak 150/20

Innhald

1.	Virkeområde	2
2.	Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar for driftsføremål.....	3
3.	Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva	4
4.	Langsiktig gjeld og andre finansieringsavtaler.....	4
5.	Rapportering til kommunestyret.....	6
6.	Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko	7
7.	Kommunale garantiar... ..	7
8.	Kvalitetssikring.....	7
9.	Avvik frå finansreglementet	7
	VEDLEGG – Døme på rapporteringsskjema	8
	VEDLEGG - Ordforklaring	9

1. Virkeområde

Finansreglementet skal gje rammer og retningsliner for Austevoll kommune si finansforvaltning, jfr kommunelova § 14-13. Finansreglementet gjeld òg for kommunale føretak og interkommunale samarbeid etter kommunelova kap. 9 og 17, så langt dei passar, og dei ikkje har eigne reglement som er godkjent. Reglementet skal gje eit samla oversyn over dei rammer og avgrensingar som gjeld. Dei inneheld rammer for rådmannen sine fullmakter som vedkjem finansforvaltninga. Underliggende fullmakter, instruksar og rutiner skal heimlast i finansreglementet.

Finansreglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og andre midlar for driftsføremål, opptak av lån, gjeldsforvaltning, plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

Heimel

Finansreglementet er utarbeidd med heimel i:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) av 22. juni 2018, med verknad frå 1.1.2020.
- Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar, FOR-2019-11 18-1520, gjeldande frå 1.1.2020.

Verknadstidspunkt

Finansreglementet gjeld frå 23.10.2020.

Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglement, reglar og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedteke for Austevoll kommune si finansforvaltning. Rådmannen legg ved høve reglementet fram for kommunestyret, men reglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

Forvaltning og forvaltningstypar

Reglementet gjeld for alle finansielle omløpsmidlar og langsiktig gjeld. Reglementet gjeld ikkje for pensjonforpliktingar.



Reglementet skal gje målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og midlar berekna for driftsføremål.
- Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.
- Forvaltning av gjeldsporteføljen og andre finansieringsavtalar.

Føremålet med Austevoll kommune si finansforvaltning

Finansforvaltninga har som overordna føremål å sikre rimeleg avkastning, samt stabile og låge netto finansieringskostnader innafor definerte risikorammer.

Dette vil ein oppnå gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande krav.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innafor ein akseptabel risiko og likviditet.
- Lånte midlar skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innafor akseptable krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal vektleggjast at lånekostnadene skal vere føreseielege.
- Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gi ei god, langsiktig avkastning til akseptabel risiko.

Generelle rammer og avgrensingar

Kommunestyret definerer sjølv via reglementet kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansiell risiko, jfr. kommunelova § 14-3. Finansreglementet er basert på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle marknader og instrument.

Kommunestyret har gjennom dette reglementet teke stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltning, herunder kva som skal reknast som langsiktige finansielle aktiva.

Rådmannen skal til ei kvar tid vurdere finansreglementet sine rammer og avgrensingar, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltninga blir gjennomført forsvarleg i høve til dei risikoane kommunen er eksponert for, og eventuelt legge behov for endringar fram for kommunestyret.

Rådmannen har mynde til å inngå avtalar som er i samsvar med finansreglementet. Vidare skal rådmannen, med heimel i reglementet, utarbeide naudsynte fullmakter, instruksar og rutinar for dei enkelte forvaltningsformene i samsvar med kommunen sitt økonomireglement.

Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillatt brukt gjennom finansreglementet, skal ikkje nyttast i kommunen si finansforvaltning.

Kommunen skal ikkje ta valutarisiko.

Finansreglementet angir nedanfor konkrete rammer for forvaltning av kommunen sine midlar til driftsføremål (inkl. ledig likviditet), gjeldsportefølje og langsiktige finansielle aktiva.

2. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar for driftsføremål

Føremål

Føremålet med forvaltninga er å sikre likviditet til å dekke løpande forpliktelsar og god avkastning. Forvaltninga skal ha låg risiko.



Rammer

Driftslikviditeten omfattar alle finansielle omløpsmidlar som er:

- kontantbeholdninga
- ubrukte lånemidlar
- bundne driftsfond
- ubundne driftsfond

Kommunen sine finansielle omløpsmidlar skal plasserast i bankinnskot i norske kroner. Kommunen sin driftslikviditet skal plasserast i kommunen sin hovudbank.

Kommunen sine samla innskot i bank/kredittinstitusjon skal ikkje overstige 2 % av institusjonen sin forvaltningskapital.

Kommunen skal inngå rammeavtale for å ivareta det løpande behov for banktenester. Ved val av hovudbanksamband skal det stillast krav om minimum internasjonal kreditt-rating A- eller tilsvarende kredittvurdering.

Ledig likviditet og andre midlar for driftsføremål, utover det ein treng til å dekke kommunen sine løpande økonomiske forpliktingar, fråtrekt estimerte innbetalingar dei nærmaste 3 månadane, kan plasserast etter fylgjande retningsliner:

Innskot i bank med følgjande avgrensingar:

- Renteberande innskot med fast eller flytande rente.
- Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode lenger enn 12 månader.
- Maksimal plassering skal ikkje vera større enn 2% av banken sin forvaltningskapital
- Innskot i norske bankar med minimumsrating BBB+

Avkastningsreferanse

Avkastningsreferanse for kommunen sine plasseringar er 3 mnd NIBOR.

Rådmannen sine fullmakter

- Kommunestyret vedtek rammer for trekkrettar knytt til bankavtalen
- Rådmannen har fullmakt til å inngå og forlenga rammeavtale
- Rådmannen har fullmakt til å inngå avtale om alternative plasseringar i bank

Avkastningsmåte

Målet er å oppnå ei verdistigning som er minst like god som marknaden for dei ulike plasseringsalternativa, målt mot kjente og samanliknbar referanseindeks/benchmark.



Havbruksfondet – særskilte reglar

Austevoll kommune har dei seinare år hatt inntekter frå Havbruksfondet. Dette er midlar som er del av disposisjonsfondet i rekneskapan til kommunen, men Havbruksfondet sin del av disposisjonsfondet er spesifisert i balansen. For denne delen gjeld følgande utvida rammer for plasseringar:

Del i pengemarknadsfond

Plassering av overskotslikviditet i rentefond klassifisert som pengemarknadsfond m/ lav risiko, pengemarknadsfond, obligasjonsfond 0-2 og obligasjonsfond 2-4, Jfr. Verdipapirfonda sin bransjestandard for informasjon og klassifisering av rentefond innanfor følgjande beløpsavgrensingar:

	Pengemarknadsfond m/lav risiko	Penge-marknadsfond	Obligasjonfond 0-2	Obligasjonfond 2-4
Volum	0-100 %	0-70 %	0-50 %	0-30 %
Maksimal del i fondet	maks 15 % av fondet sin forvaltningskapital (FK)	maks 10 % av fondet sin FK	maks 10 % av fondet sin FK	maks 10 % av fondet sin FK

Direkte eige av Sertifikater/obligasjoner

a) Avgrensingar sertifikat:

Sertifikat utstedt eller garantert av:	den norske stat/ statsføretak, norske kommunar eller fylkeskommunar	Bankar, finans-institusjonar eller kredittføretak	Norske kraft-selskap	Solide norske selskap på Oslo Børs
Tidshorizont	1-12 mnd	1-12 mnd	1-12 mnd	1-12 mnd
Maks del av emisjonsbeløp	ingen avgrensing		10 %	10 %
Maks del av forv.kapital	ingen avgrensing	5 %		
Kredittkvalitet	ingen avgrensing	A- eller betre	BBB eller betre	BBB eller betre
Valuta	NOK	NOK	NOK	NOK
Volum	0-100 %	0-50 %	0-50 %	0-30 %
Avgrensing per utsteder	ingen avgrensing	maks 50 mill for rating A eller lågare, maks 250 mill for rating A+ eller betre	maks 30 mill for rating A- eller lågare, maks 100 mill for rating A eller betre	maks 20 mill for rating A- eller lågare, maks 50 mill for rating A+ eller betre



b) Avgrensingar obligasjonar:

Obligasjonar utstedt eller garantert av:	Den norske stat/ statsføretak, norske kommunar eller fylkeskommunar	Bankar, finansinstitusjonar eller kredittføretak	Norske kraftselskap	Solide norske selskap på Oslo Børs
Tidshorizont	1 – 4 år	1 – 4 år	1 – 4 år	1 – 4 år
Maks del av emisjonsbeløp	ingen avgrensing		10 %	10 %
Maks del av forv.kapital	ingen avgrensing	5 %		
Kredittkvalitet	ingen avgrensing	A eller betre	A eller betre	A eller betre
Valuta	NOK	NOK	NOK	NOK
Volum	0-50 %	0-30 %	0-20 %	0-15 %
Avgrensingar per utsteder	ingen avgrensingar	maks 50 mill for rating A + eller lågere, maks 150 mill for rating AA- eller betre	maks 20 mill	maks 10 mill

3. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

Langsiktige finansielle aktiva er ledig likviditet som ikkje er disponert i budsjett eller økonomiplan. Langsiktige finansielle aktiva skal plasserast saman med andre midlar til driftsføremål.

4. Langsiktig gjeld og andre finansieringsavtaler

Føremål

Føremålet med gjeldsforvaltninga er å sikre låge og føreseielege lånekostnader.

Vedtak om opptak av lån:

Kommunestyret gjer vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret, vedtaket kan gjerast i sak om årsbudsjett.

Kommunestyret fattar òg vedtak om opptak av lån frå Husbanken til vidareutlån (startlån).

Kommunestyret fattar vedtak om kassakreditt når det er behov for det. Likviditetsbudsjett skal opprettast av økonomiavdelinga for kvart budsjettår for å syne svingingane i likviditet over året. Kassakreditt skal vere nedbetalt innan fastsettinga av årsrekneskapen.

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak, evt. godkjenning av Fylkesmannen, har rådmannen fullmakt til å gjennomføre låneopptaket, herunder aksept av lånevilkår. Vidare har rådmannen fullmakt til å forvalte kommunen sine innlån etter dei retningsliner som framgår av reglementet, og i tråd med § 14-14 i kommunelova om låneopptak.

Rådmannen har også fullmakt til å ta opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld og inngå avtalar



om sikring av renta.

Val av låneinstrument

- Det kan berre takast opp lån i norske kroner.
- Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, og i livselskap.
- Austevoll kommune har høve til legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden.
- Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.
- Det skal kvart år betalast avdrag minimum på nivå med reglane i kommunelova § 14-18.
- Avdraga skal vera innbetalt seinast 31.12.

Val av rentebindingsperiode

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i høve til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innafor eit akseptabelt risikonivå, der ein legg til grunn eit overordna ønske om forutsigbare og stabile lånekostnader.

Renterisikoutsatt gjeld er samla renteberande gjeld etter frådrag for gjeld som er sikra på annan måte. Slik sikring kan vera gjeld som inngår i sjølvkost, gjer grunnlag for rentekompensasjon, eller som er sikra ved innskot eller utlån med tilnærma like vilkår.

Forvaltninga blir lagt opp slik:

- Maksimal rentebinding for enkeltlån er 10 år.
- Sikring av rente bør skje for minimum 30% av låneporteføljen så lenge gjeldsgraden etter siste rekneskap er høgare enn 90%.

Likviditetsrisiko/Refinansieringsrisiko

Samansetning av gjeldsportefølje:

- Gjeldsporteføljen skal ha færrest moglege lån, men likevel slik at likviditetsrisiko og refinansieringsrisiko vert avgrensa.
- Enkeltlån skal ikkje utgjere meir enn 40 % av den samla gjeldsportefølje.
- Låneportefølgjen må vere samansett slik at ikkje meir enn 20 % av porteføljen forfell til betaling innanfor eitt år.

Rutinar for leasingavtalar

I tilfelle det kan vere aktuelt å lease/leige eit produkt, skal det vurderast om det er finansiell leasing. Det skal vidare gjerast utrekningar som viser den fullstendige leasingkostnaden i leasingperioden opp mot å kjøpe produktet. Val blir gjort ut frå lågaste noverdi.

Ved leasingavtalar bør ein innhente tilbod frå fleire leasingselskap, eller ved anbod inngå avtale med eit leasingselskap for ein gitt periode. Finansiell leasing er likestilt med investering i eigne driftsmiddel, og noverdien av innbetalingane skal inngå i balansen under anleggsmidlar og langsiktig gjeld. Noverdien skal også budsjetterast og rekneskapsførast i investeringsrekneskapen. Kravet om vesentleg beløp (kr 100 000) gjeld også noverdi på finansiell leasing.

Tidspunkt for låneopptak

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadstilhøve.

Låneopptak med heimel i årets budsjett, skal vere teke opp seinast 31.12 i budsjettåret.

Konkurrerende tilbod



Låneopptak skal så langt som mogleg gjennomførast til dei beste vilkår som marknaden kan tilby. For å oppnå det, skal det hentast inn minimum 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långevarar. Dette prinsippet kan fråvikast i særskilte høve, t.d. opptak av startlån i Husbanken.

5. Rapportering til kommunestyret

Rådmannen skal fire gonger i året leggje fram rapport for kommunestyret som viser status for finansforvaltninga.

I tillegg skal rådmannen i samband med årsavslutning leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser status og utvikling gjennom året. Rapporten kan innarbeidast i årsmeldinga.

Rapporteringa skal gi ei utgreiing og vurdering av:

- Kommunen sin finansielle risiko
- Korleis aktiva og passiva er samansett
- Syne marknadsverdien for aktiva
- Verdien for passiva
- Skildring av vesentlege marknadsendringar og vurdering av dette, samt ei skildring av aktuelle marknadsrenter og kommunen sine rentebetingelsar.
- Dersom det har oppstått avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, skal dette opplysast om.

6. Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

Risikovurdering

Det skal ved rapportering til kommunestyret i junimøtet gjerast fylgjande risikovurderingar:

- Renterisiko for plassering av ledig likviditet og andre midlar for driftsføremål, langsiktige finansielle omløpsmidlar og gjeldsporteføljen sett i samanheng. Det skal gjerast ved ein stresstest som viser kommunen sin renterisiko ved ein 2 prosentpoeng generell endring i rentekurva (og 30 % fall på norske børsar)
- Kredittrisiko
- Refinansieringsrisiko - det skal opplysast kor stor del av gjelda som forfell og må refinansierast i løpet av dei neste 12 månadane.
- Rådmannen har ansvar for å utarbeide rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, samt rutinar for å kunne avdekke avvik frå finansreglementet.

7. Kommunale garantiar

Føresegner om garantier og finans- og gjeldsforvaltning gjeld fullt ut for kommunale garantiar.

Austevoll kommune kan stille garanti for lån eller stå som kausjonist for lån oppteke i bank av føretak som kommunen er eigar/delegiar i, eller private føretak med allmenntytige føremål. Austevoll kommune skal vere sær sarsam med å stille garanti/stå som kausjonist.

Garanti for lån oppteke av privatpersonar skal som klar hovudregel ikkje stillast.

Godkjenning frå statleg mynde skal alltid vera på plass der dette er påkrevd. Beløpsgrense for garanti er



for tida kr 2 000 000, utan godkjenning frå departementet.

Alle garantiar skal vedtakast av kommunestyret, og sakshandsaming og vedtak skal vere i tråd med føresegner.

8. Kvalitetssikring

Uavhengig kompetanse skal vurdere om finansreglementet er i tråd med kommunelova sine reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinar for vurdering og handteringa av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Rådmannen får delegert ansvar for at slike vurderingar vert innhenta gjennom Deloitte.

9. Handsaming av avvik frå finansreglementet

Dersom det av uforutsette grunnar skulle oppstå avvik frå reglementet, skal rådmannen straks iverksette tiltak som rettar opp avviket, utan at dette medfører vesentleg risiko eller unødvendige tap.

Avvik frå reglementet og handtering av desse inngår i rapporteringa til kommunestyret.



VEDLEGG – Døme på rapporteringsskjema

Dato:

Kortsiktig plassering

Type plassering	Sum 01.01	Sum xx.yy	Forfall	Rente- sats	Påløpt rente	Budsjett	Ref.indeks	Avvik
Hovedbankforbindelse:								
Bankinnskot folio								
Bankinnskot fond etc.								
Bankinnskudd særvilkår								
Annan bank								
Anna instrument								

Langsiktig plassering

Type plassering	Sum 01.01	Sum xx.yy	Allokering	Verdi- endring	Budsjett	Ref.indeks	Avvik
Carnegie:							
Pengemarknadsfond							
Obligasjonsfond							
Aksjefond							

Viser til månadsrapport frå Carnegie Forvaltning AS.

Gjeldsportefølje

Långjevar	Gjeld 01.01	Gjeld xx.yy	Rente p.t./fast	Lånet sitt forfall	Betalt rente i år	Betalte avdrag i år	Budsj. rente	Budsj. avdrag	Avvik
Kommunalbanken									
- lån nr									
- lån nr									
- lån nr									
Kommunekreditt									
- lån nr									
Husbanken									
- lån nr									
Kassekreditt									

Fordeling på långjevarar og rentebindingstid for investeringslåna:

Långjevarar	del av låneporteføljen	del flytande rente	del fast rente
KB			
KK			
Husbanken			
Sum			

Garantiar

Garantimottakar	Føretaket sitt namn	Garantibeløp	Forfall
...			
...			

////////////////////////////////////

VEDLEGG - Ordforklaring

Aktivafordeling	Fordeling eller omfordeling av ei investering mellom ulike aktivaklasser, dvs. i denne sammenhengen fordeling mellom bankinnskott, obligasjonsmarknad og aksjemarknad. Kan nyttast for å oppnå tilpassing av risikoprofil, betre diversifisering og høgare avkastning.
Aktivagrupper	Grupper av egedelar / aktiva (jf. omtale av aktivaklasser ovanfor).
Avkastning	Den verdiuken som ei investering har oppnådd over ein viss periode (t.d. eitt år). For verdipapirporteføljor tilsvarer dette summen av alle kursendingane pluss motteke / påløpt utbytte og renter minus evt. kostnader. Tilsvarer rente for bankinnskott.
Finansielle	Eit fellesomgrep for verdipapir, verdipapirfondsdelar, pengemarknadsinstrument, finansielle instrument terminkontraktar, framtidige renteavtaler (FRA), rente- og valutabytteavtaler (SWAP) og ulike typar "futures" og opsjonar.
Finansiell leasing	Finansiell leasing/finansiell leigeavtale – dette nyttar ein dersom de knyter seg vesentleg økonomisk risiko og kontroll til leigeobjektet. Leigeavtalar som ikkje er finansielle er operasjonelle (omfattar m.a. møblar, kontorutstyr, kopimaskin, ikt-utstyr, bøker, instrument, kjøkkenutstyr, reingjeringsmaskiner, anleggsmaskiner og liknande).
"Future"	Standardisert, bindande avtale mellom to partar om å kjøpe eller selje eit bestemt tal verdipapir til ein bestemt pris på eit bestemt framtidigtidspunkt.
Indeks	Eit mål for den generelle kursutviklinga i ein verdipapirmarknad, dvs. ein vekta kurs av summen av alle verdipapira som inngår i indeksen. Denne vert gjerne sett lik 100 eller 1000 ved starten av indeksperioden.
Løpetid	Tida fram til ein obligasjon eller eit sertifikat forfell til betaling.
Marknadsrente	Uttrykk for det generelle rentenivået i marknaden.
Nibor	Norwegian InterBank Offered Rate (NIBOR) er ei referanserente i valutabyttemarknaden, såkalla valutaswaprente. NIBOR er derfor avleda av rentene i dei utanlandske pengemarknadane. Renta blir ofte brukt på interbanknivå som referanse for pengemarknadsrenter mellom bankane. Den utlånsrenta ulike bankar krever av andre bankar vil dermed korrelere i ei viss grad med valutaswaprentene. Den blir ofte regna som marknaden si risikofrie rente.
Noverdi	Dagens verdi av framtidige kontantstraumar, neddiskontert verdi.
Obligasjon	Eit renteberande verdipapir som er utskrive av verksemdar, finansinstitusjonar, eller av stat, fylkeskommunar og kommunar i samband med låneopptak.
Pengemarknaden	Marknad som omfattar sertifikat, obligasjonar og andre kortsiktige finansielle instrument med attståande løpetid under 12 månader.
Portefølje	Eit utval eller ei samling ("beholdning") av ulike verdipapir.
Referanseindeks	Det valde samanlikningsgrunnlaget (som avspeglar investeringsuniverset) for ein portefølje av verdipapir, både med omsyn til avkastning og risiko. T.d. har totalindeksen vore ein mykje nytta referanseindeks for norske aksjeporteføljor. Ny OSEFX-indeks er no vanleg ved samanlikning.
Risiko	Eit samleomgrep for alle kjelder til faren for å påføre seg økonomiske tap. Alle former for sparing, investering, låneopptak osv. inneber ei eller fleire former for risiki.
Sertifikat	Eit renteberande verdipapir som er utskrive i samband med låneopptak med løpetid kortare enn 12 månader, elles lik ein obligasjon.



Standardavvik	Eit mål for graden av risiko som er knytta til ein storleik (t.d. forventet avkastning). Dess større standardavvik, dess større avvik kan ein forvente mellom reell og forventet verdi.
”Swap”	Forpliktande avtale mellom to partar om å bytte ut eit finansielt instrument med eit anna, og vidare å bytte dette attende på eit framtidig tidspunkt til ein på førehand avtalt pris.
Utbytte	Den delen av disponibelt overskot som eit aksjeselskap betaler ut til aksjonærane.
Valutarisiko	Faren for svingingar i valutakursar ved plasseringar i utanlandske verdipapir og valuta.
Verdipapir	Fellesnamn på aksjar, obligasjonar, sertifikat og teikningsrettar.
Verdipapirfond	Ein verdipapirportefølje som fleire spararar (andelseigarar) eig i fellesskap, og som vert forvalta og administrert av eit forvaltningsselskap på vegner av andelseigarane.

